

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 28.04.2016, kl. 16.00

Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Janne Gommesen, Inge Øye, Pål Aarsæther
Elise Marie Backlund Stavset og varamedlem Arnstein Sæthre hadde meldt forfall.

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnson.

Frå Skodje kommune møtte ordførar Dag Olav Tennfjord, rådmann Bente Glomset Vikhagen og økonomisjef Lars Fylling i sakene 12/16, 13/16 og 14/16.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 12/16
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 08.03.2016**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 08.03.2016 blir godkjent.

**SAK 13/16
ÅRSMELDING 2015 – SKODJE KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 22.04.2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2015 for Skodje kommune til orientering.

SAK 14/16
KOMMUNEREKNESKAPEN 2015 – SKODJE KOMMUNE
Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 22.04.2016

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Skodje kommune sin rekneskap for 2015 blir godkjent.
2. Innan enkelte tenesteiningar ligg det føre overskridinger i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2.

SAK 15/16
REGLEMENT FOR KONTROLLUTVAL

Kommunestyret hadde fatta følgjande vedtak:

Kommunestyret utset handsaming av saka og ber om at ad-hoc-gruppa tek initiativ til eit felles møte med kontrollutvalet for å drøfte utkastet til reglement. Målet er å skape god dialog og finne ei omforeint løysing til eit tenleg reglement.

Utkast til reglement hadde blitt laga utan at kommunestyret sitt vedtak hadde blitt oppfylt og kontrollutvalet hadde ikkje blitt involvert. Kontrollutvalet vart verken formelt innkalla til møtet dette ad-hoc utvalget eller fekk tilsendt det bearbeidde reglementet i etterkant til handsaming i kontrollutvalget sitt møte. Som følgje av dette fekk ikke kontrollutvalet behandle reglementet.

Med utgangspunkt i ovannemnde fatta kontrollutvalet slike samrøystes vedtak:

1. Ad-hoc-gruppa sitt forslag til retningsliner for kontrollutval blir ikkje godkjent.
2. Kontrollutvalsekretariatet få i oppdrag til neste møte å legge fram eit forslag til reglement for kontrollutvalet.

Inge Øye ønska å få protokollert at sjølv om vedtaket var samrøystes, hadde han likevel innvendingar mot dette.

SAK 16/16
EVENTUELL GJENNOMGANG AV UTVALA SINE MØTEBØKER

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen gi ei orientering om saksbehandlinga i sak 05/16 og tidlegare saker om same tema i det faste planutvalet i neste møte.

2. Rådmannen blir i neste møte bedt om å gi ei orientering om korleis kommunen følgjer opp resultatet av elevundersøkingane i skulen og spesielt ungdomsskulen.
3. Rådmannen blir i neste møte bedt om å gi ei orientering om kva tiltak som er sett inn for å redusere sjukefråværet i kommune.

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

Janne Gommesen
medlem
(sign.)

Inge Øye
medlem
(sign)

Pål Aarsæther
medlem
(sign.)